

Prosjekteringsanvisning for skulebygg Hå Kommune



Innhald

Prosjekteringsanvisning for skulebygg i Hå	4
<i>Generelt</i>	4
Politisk/administrativ prosess.....	4
Organisering.....	4
Ansvar ved planlegging og innkjøp av inventar og utstyr	4
<i>Funksjonskrav</i>	5
Materialar, overflater og reinhald	5
Universell utforming av skulebygg	5
Bygningsmessige tiltak / Sambruk / Elektroniske tiltak.....	6
Tryggleik / Brann / Akustikk	6
<i>Bygningsmessige krav til kvalitetar</i>	6
Bæresystem	6
Yttervegger.....	7
Vindauge	7
Utvendige dører / Lås og beslag.....	7
Yttertak, takrenner og nerløpsrøyr	8
Innvendige vegger	8
Himlingar	8
Innvendige dører / Lås og beslag	9
Golvkonstruksjonar.....	9
Fast innreiing.....	9
Trapper, balkongar, rampar, heisanlegg.....	10
<i>Romprogram</i>	10
Inngangsparti	10
Elevgarderobar.....	10
Elevtoalett	10
Kjøkkenløysingar.....	10

Kunst og handverk	11
Musikk (Kulturskule)	11
Kroppsøvingsareal / Fleirbrukshall	11
Helsestasjon / helsesøster	11
Personalet	12
<i>Bygningsmessig drift og vedlikehold</i>	12
Varemottak	12
Hovedlager	12
Reinhaldssentral	12
Verkstad / Vaktmeister / Driftsrom	12
Tekniske rom	13
<i>Utandørs anlegg</i>	13
Generelt	13
Avfall	13
Terrengutforming	13
Leike og opphaldsareal	13
Trafikkareal	14
<i>Arealkrav</i>	14
Dimensjonering av skuleanlegget	14

Fotografiet på framsida er av Grunnservice AS.

Prosjekteringsanvisning for skulebygg i Hå

Generelt

Denne anvisninga tek for seg krav til utforming og bygningsmessige løysingar, samt problemstillingar som må vurderast ved prosjektering/planlegging av skulebygg. Tilrådinga kan med fordel òg brukast ved ombygging/rehabilitering.

Politisk/administrativ prosess

Denne anvisninga er ein del av Hå kommune sitt kvalitetssystem i samband med bygge og anleggsprosjekt.

Lista under er dokument som leggas til grunn ved prosjektering og planlegging av nybygg og rehabilitering av kommunale bygg.

- *Hå kommune`s eigedom og forvaltningsstrategi.* (Under planlegging)
- *Instruks for gjennomføring av kommunale bygge og anleggsprosjekter i Hå kommune.* (Vedtatt KS. 30.03.2016)
- *Prosjekteringsanvisning for skulebygg i Hå (Denne planen)* (Rev KS)
- *Prosjekteringsanvisning for barnehagebygg i Hå.* (Rev KS.....)
- *Prosjekteringsanvisning for helse og velferdsbygg i Hå.* (Under planlegging)
- *Prosjekteringsanvisning for boliger/omsorgsboliger i Hå.* (Under planlegging)
- *Kravspesifikasjon DRV rev1. 23.11.16*
- *PA_0802 Tverrfaglig merkesystem. 08.12.17*

Organisering

- Bestillar: Rådmann v/kommunalsjef for opplæring og kultur
- Byggherre: Hå kommune v/Eiendomsavdeling
- Brukarar: Leiing, tilsette og elevar ved skulen
- Prosjektgruppe: Innleigde konsulentar. Arkitekt, rådgivande ingeniørar for bygg etc., som på oppdrag frå byggherren utarbeider tilbodsdokumenter og framstillingar.
- Byggjeprogram: Dokument tilknytte byggjesaka.

Ansvar ved planlegging og innkjøp av inventar og utstyr

Bestillar m/brukargruppe har ansvaret for prosjektering og val av løysingar innanfor følgjande kategoriar. Byggherren har ansvaret for innkjøp / leveransar / montasje.

- Skulemøbler
- Kontor og konferansemøbler
- Garderobeinnreiingar
- Lagerinnreiingar
- Tavler og kartoppheng
- Gardin
- Telefonisystem (ism Hå kommune sin IKT strategi)
- Datautstyr til adm., lærarar og elevar (ism Hå kommune sin IKT strategi)
- Kvitevarer
- Maskinar og utstyr for kunst og handverk
- Reinholdsmaskinar og utstyr
- AV utstyr (ism Hå kommune sin IKT strategi)
- Trådløst nettverk (ism Hå kommune sin IKT strategi)

Faste innreiingar, møblering og utstyr skal takast med på arkitekten sine teikningar. Det skal ved tverrfagleg kontroll sikrast at det er samsvar mellom innreiingar og bygningsmessige løysingar / tekniske installasjonar.

Funksjonskrav

Materialar, overflater og reinhald

- Bygningskomponentar, installasjonar og inventar skal ikkje fungera som støvsamlarar.
- Himlingar i tak skal vera lukka og utstyr (armatur etc.) skal ha form som samlar minimalt med støv.
- Materialar og overflatebehandling skal ikkje medføre forureining i form av frigjorde partiklar.
- Overflater må vera lette og reingjera, tåla slitasje og ha lågt behov for pleiemidlar.
- Himlingar i rom for matlaging må kunna reingjerast (hygienehimling).

Universell utforming av skulebygg

Alle skulane i Hå kommune skal prosjekterast og planleggast ism plan- og bygningslova sine krav om universell utforming. Universell utforming betyr at produkt, byggverk og uteområde som er i alminneleg bruk skal utformast slik at alle menneske skal kunna bruka dei på ein likestilt måte så langt det er mogleg, utan spesielle tilpassingar eller hjelpemidlar.

Universell utforming er ein viktig føresetnad for utforming av alle skuleanlegg. Det skal leggast vekt på at aktivitetar, stille, ro og sikkerheit skal vera tilgjengelege for alle og at tiltaka skal vera godt integrerte og framstå som ei beriking for anlegget.

Bygningsmessige tiltak / Sambruk / Elektroniske tiltak

Ved planlegging av bygningar og uteområde må det leggast vekt på at det går an å ha kontroll og innsyn på inngangsparti og skjerma uterom, slik at dette i neste omgang ikkje fører til uønska aktivitet eller hærverk.

Ved planlegging må bygget kunna sonedelast, slik at publikum ikkje har tilgang til heile bygget på ettermiddag/kveldstid.

Prinsippa for reinhald og avfallshandtering i bygget må også fungera i forhold til utleige. Planlegginga må òg omfatta styring av driftstid for varme, ventilasjon og lys.

Innbrotsalarm må installerast, men omfanget må vurderast i kvart einskildtilfelle.

Adgangskontroll må etablerast, men omfanget her òg må vurderast i kvart einskildtilfelle.

Tryggleik / Brann / Akustikk

Prosjektering av skulebygg må gjerast på ein slik måte at persontryggleiken vert sett i høgsetet ved alle detaljar. Skarpe hjørne og utstikkande detaljar må unngåast. Varmekjelder må ha låg overflatetemperatur. Rekkverk må utformast slik at dei ikkje innbyr til klatring. Skulebygg vert definerte som «*Særskilte brannobjekt*». Planlegging og prosjektering med tanke på branntryggleik skal utførast med basis i gjeldande plan og bygningslov med tilhøyrande forskrifter. Det skal leggast vekt på branntekniske løysingar med klare skilje og lettfattelege røymingsvegar.

Krav til lydisolering, akustikk etc. skal utførast med basis i teknisk forskrift. Krav til klasse vert vurdert i samarbeid med byggherren.

Bygningsmessige krav til kvalitetar

Krava som her vert skildra baserer seg på kvalitet som ligg til grunn ved bygging av nye Bø skule og nye Ognå skule, og må sjåast på som ønska kvalitet ved bygging av nye skulebygg i Hå.

Generelt

Det skal nyttast anerkjende og velprøvde konstruksjonar, komponentar og materialar med lågast moglege vedlikehaldsbehov. Det vert lagt særlig vekt på motstandsevne mot skadar som kan oppstå som følgje av slitasje, hærverk etc.

Bæresystem

Val av bæresystem ska gjerast ut i frå ei teknisk og økonomisk utgreiing. Utgreiinga ska omfatta alternative konstruksjonmaterialar kor framdriftskrav, sikkerheit, helse og

arbeidsmiljø skal vektleggas ved val av løysing. Søyleplassering og andre berande element skal sjås i samanheng med størst mogleg fleksibilitet i bygget.

Yttervegger

Fasadematerialar og konstruksjonar skal vera vedlikehaldsvennelege og motstandsdyktige mot ytre påkjenning. Det bør i størst mogleg grad nyttast pre aksepterte løysingar. Vegger må dimensjonerast på ein slik måte at innkassing av installasjonar kan unngåast.

Eventuelle betongoverflater mot innvendige rom skal vera reingjorde og støvbundne. Komplette yttervegger med dør, vindaug og glassfasadar skal tilfredsstillast gjeldande brann- og lydkrav, og ivareta krav i gjeldande teknisk forskrift inkludert energikrav, inneklimate og dagslys.

Vindaug

Val av vindaugeløysingar skal baserast på ei totalvurdering av dei inneklimateiske forholda / energiforbruket, og gjerast av den tverrfaglige prosjekteringsgruppa i samarbeid med byggherren. Følgjande skal òg vektleggast:

- Reingjering må kunna utførast på ein rasjonell og sikker måte. Lukkevindaug skal vera vadbare for reingjering på innsida. Løysing for utvendig reingjering av vindaug må viast spesiell merksemd. Bruk av lift bør unngåast.
- Bruk av skråstilte vindaug og golv-til-tak-vindaug bør unngåast, då dette skaper driftstekniske problem.
- Solutsette vindaug skal utstyrast med solskjerming. Solskjerming må tilpassast bygget sine øvrige fasadar, og ikkje vera noko blikkfang. Solskjerminga må vera driftssikker og ha enkel betening. Val av manuell / automatisk betening (sol/vind automatikk) må avklarast i kvart einskildtilfelle.
- U verdi på vindaug ism dei til ei kvar tid gjeldande tekniske forskrifter.
- Alt av glas skal dimensjonerast og vera personsikkert ism krav i gjeldande teknisk forskrift.
- Dagslysberekingar skal utførast.

Utvendige dører / Lås og beslag

Inngangsparti/ytterdører skal vera overdekkja. Dører skal leverast i pulverlakkert aluminium, ha glas tilsvarande vindaugo og leverast med ferdigmontert klemsikring.

Dører skal ha utfresing og forsterking ism utstyr på beslagsliste og trekkerøyr for etablering av dørautomatikk.

Spikerslag/forsterking av vegg over dør for feste av dørautomatikk må planleggast. Det må òg settas av nødvendig plass for denne typen automatikk. Betjening av dørautomatikk må tilpassast universell utforming. System for tilkomstkontroll skal vera av typen ARX og skal leverast ferdig oppkobla mot kommunen sine system.

Brukstilvising av låsar og beslag skal ta omsyn til brann og rømningsdører, dører med tilgangskontroll, sikring og dørautomatikk i tillegg til øvrige dører.

Låseplan vert sett opp i samarbeid med prosjektleiar og avdelingsleiar for drift og vedlikehald. Låsesystem av typen (Trio Ving) med 3 hierarkiske nøkkelnivå: Styrar, vaktmeister, drift og personal.

Nødvendige beslag i alle overgangar på klimaskal må prosjekterast. Dei skal utformast slik at prinsippet om varig tottrinnetting er sikra.

Yttertak, takrenner og nerløpsrøyr

Prosjektering av tak skal viast spesiell merksemd. I tillegg til å løysa normale fysiske krav, må det leggast vekt på å finna løysingar som ikkje inviterer til klatring og uønska trafikk/hærverk på taka.

Skråtak skal prosjekterast med utvendig nerløp og med utføring som lufta tak.

- Flate tak skal prosjekterast med takbelegg som har gode eigenskapar mot mekanisk styrke og slitasje. Takbelegg skal vera mest mogleg vedlikehaldsfritt og det vert stilt krav om gangbar utføring.
- Det skal vera sterkt fokus på pre aksepterte løysingar med tanke på lufttettleik ved konstruksjon av tak.
- Takrenner og nerløp bør vera i aluminium natur komplett med alle beslag.

Innvendige vegger

Alle innvendige vegger skal vera inkl isolasjon. Veggene skal dimensjonerast slik at innkassing av tekniske installasjonar kan unngåast.

Innvendige vegger må tåla hard medfart. Veggkledning av tre eller andre harde materialar skal detaljeras for og tåla belastinga.

Alle innervegger skal spennast kontinuerlig mellom golv og overliggande dekke, og skal dimensjonerast for dette.

Ferdige veggoverflater må vera eigna for store belastingar i offentlege miljø.

Vegger i våtrom og våtsoner skal prosjekterast for direkte vasspåkjenningar og utførast ism våtromsnorma. Overflate med flis på vegger og golv.

Gipsplater skal ikkje nyttast i våtrom eller i rom med store mekaniske påkjenningar.

Innvendige vegger av betong skal støvbehandlast.

Himlingar

Himlingar skal ha tette overflater og må kunna reingjerast. Oppheng og innfesting må vera dimensjonerte for eigenvekt samt tilleggslaster for tekniske installasjonar. Ved val av himling skal det prosjekterast med løysingar som sikrar enkel tilkomst over himling (f.eks. ved evt seinare installasjon av teknisk utstyr).

Betongoverflater over nedfora himling skal vera reingjorde og støvbehandla.

Kontoradresse: Rådhusg 8, 4360 Varhaug Side 8 av 16	Postadresse: Postboks 24, 4368 Varhaug	Telefon: 51 79 30 00	Telefax: 51 79 30 01	Org nr: 964 969 590
--	--	--------------------------------	--------------------------------	-------------------------------

Innvendige dører / Lås og beslag

Innvendige dører skal prosjekterast med klemmevern og ha terskelfri tilkomst der dette ikkje er i strid med brann og/eller lydkrav. Dørene skal vera kompakte og ha overflate av høgtrykkslaminat. Fabrikkmåla karmar og listing, ferdig utfora til rett veggjukne.

Våtromsdører skal prosjekterast med aluminiumskarmar eller tilsvarande fuktbestandig løysing. Utsette dører i trafikkareal skal utførast med sparkeplater.

Dører skal ha utfresing og forsterking ism utstyr på beslagsliste og trekkjerøyr for etablering av dørautomatikk.

Spikerslag/forsterking av vegg over dør for feste av dørautomatikk må planleggast. Det må òg setjast av naudsynt plass for denne typen automatikk. Betening av dørautomatikk må samsvara med universell utforming. System for tilkomstkontroll skal vera av typen ARX og skal leverast ferdig oppkobra mot kommunen sine system.

Instruksjon om låsar og beslag skal ta omsyn til brann og rømmingsdører, dører med tilgangskontroll, sikring og dørautomatikk i tillegg til øvrige dører. Låseplan skal setjast opp i samarbeid med prosjektleiar og avdelingsleiar for drift og vedlikehald.

Låsesystem av typen (Trio Ving) med 3 hierarkiske nøkkelnivå: Styrar, Vaktmeister, Drift og personal.

Golvkonstruksjonar

Dekke, flytande golv og belegg skal utformast slik at krav til lydisolasjon, brannkrav og trinnlydsdemping vert støtta. Dilatasjons (rørslefuge) og lydfuger der det er naudsynt.

Golv på grunn skal isolerast ism energikrav gjevne i gjeldande teknisk forskrift.

Alle golvflater skal tilfredsstilla krava for det til ei kvar tid valde belegget med tanke på planheit og avvik. Om naudsynt skal sjølvutjamnande mørtel/sparkel nyttast.

Golvbelegg skal generelt tåla transport av varer og materialar på jekketralle og lift. Ved bruk av limprodukt skal det nyttast lågemitterande (låg avgassing) vassløyselege og løysingsmiddelfrie limtypar.

Val av golvtypar og overflater skal gjerast i samarbeid med bestillar og byggherre.

Golv i betong, terasso eller lignande ska slipas og forseglas.

Fast innreiing

All fast innreiing som krev teknisk tilslutning skal takast med på arkitektteikningane.

Møbleringsplanar skal utarbeidast og visa plasseringa av det faste inventaret.

Alt fast inventar skal tåla hard bruk i skulemiljø.

For å letta reingjeringa skal reolar og skap så framt det er mogleg vera vegghengde.

Kjøkkeninnreiing kantine skal prosjekterast som storkjøkkenløysing og vera utforma ism

Mattilsynet sitt regelverk.

Øvrige kjøkkenløsninger må vera solide med dører og frontar i høgtrykkslaminat. Det skal prosjekterast med innbyggingsløsningar for kvitevarer.

Trapper, balkongar, rampar, heisanlegg

Alle trapper skal oppfylla gjeldande brann- og lydkrav, og skal prosjekterast ism krav om universell utforming. Handløparane skal vera i 2 høgder.

Trapper og repos må utformast med tanke på gode reinhaldsløsningar. Trapper i betong, terasso eller lignande ska slipas og forseglas.

Skular skal planleggast og prosjekteras med HC heis av type TKS/Aritco A1 eller tilsvarende. Heisdører skal leveras med komplett dørautomatikk for rullestolbruk. Heisen skal leveras med det til einkvar tid lovbestemte krav om kommunikasjon.

Romprogram

Inngangsparti

Alle inngangar skal utformast slik at tilsmussing inn- og utvendig unngåast. Nedfelte skraperister skal setjast i felt framfor alle inngangar.

Vindfang skal prosjekterast med nedfelt skrapematte for å fanga opp smuss. Skrapematta må ha enkel løysing for reinhald.

Elevgarderobar

Der det er teikna inn garderobeløsningar må det ikkje prosjekterast/planleggast plass for tekniske installasjonar som radiatorar, inspeksjonsluker, brannskap etc.

For å letta reingjering skal garderobeskapa så sant det er mogleg vera vegghengde. Det skal vera sitjebenker langs garderobeskapa. Arealkrav ism tabell i «Dimensjonering av skulebygg». Kwart trinn skal ha separate garderobeløsningar.

Elevtoalett

Det skal vera skilde toalett for elevar og personale. Elevtoalett bør plasserast i tilknytning til garderobar. Prosjekterast som lukka rom (ikkje spanskvegger) med servant på kvart rom. Talet på WC og HCWC samt arealbehov ism «Dimensjonering av skulebygg»

Kjøkkenløsningar

Alle kjøkkenløsningar skal plasserast, utformast og utrustast i samarbeid med byggherre / brukarar. Hovudkjøkken i tilknytning til kantine skal prosjekterast som storkjøkkenløsning og vera utforma ism mattilsynet sitt regelverk. Andre kjøkken skal leverast med dører og frontar i høgtrykkslaminat. Det skal prosjekterast med innbyggingsløsningar for kvitevarer. Minst ein av arbeidsplassane skal prosjekterast/planleggast for bruk av rullestolbrukar.

Følgjande skal vurderast ved etablering av kjøkkenløsningar:

- Sambruk med SFO

Kontoradresse: Rådhusg 8, 4360 Varhaug Side 10 av 16	Postadresse: Postboks 24, 4368 Varhaug	Telefon: 51 79 30 00	Telefax: 51 79 30 01	Org nr: 964 969 590
---	--	--------------------------------	--------------------------------	-------------------------------

- Omsyn til varelevering
- Sambruk med allrom
- Behov og plassering av kjølerom og tørrlager
- Høve til utleige
- Avfallsløysing

Kunst og handverk

Det er behov for mykje innreiing i desse romma, spesielt skap til oppbevaring. Mest mogleg veggplass som bør vera fri for tekniske installasjonar.

Golv og øvrige overflater må prosjekterast for hard belastning og vera tilpassa den aktuelle bruken av rommet.

I tilknytning til sløyd skal det etablerast støvavsug/sponavsug som kan tena alle verkty der dette er kravd. Luft for avsug skal førast direkte ut i friluft.

Eventuell keramikkovn skal ha eige avtrekk. Låsbart skap med avsug for kjemiske produkt (maling, lakk etc) skal prosjekterast.

For alle fag skal det prosjekterast med utslagsvask og vaskerenne. Slamutskillar ihht kommunale krav.

Musikk (Kulturskule)

Overflater i desse romma krev spesiell merksemd og må prosjekterast med tanke på både bruk og lydkrav. Evt. dans/dramaøvingar krev flateelastiske golv.

Det må prosjekterast med moglegheit for demping av lys i desse romma.

Kroppsøvingsareal / Fleirbrukshall

Krava til kroppsøvingsareal vil variera om det bare er skulen sin gymsal, eller om det er ein fleirbrukshall med støtte frå tippemidlar. Størrelse på eventuell fleirbrukshall må detaljavklarast i kvart enkelt tilfelle.

Ved detaljprosjektering av kroppsøvingsareal skal løysingane koordinerast med utstyrsleverandøren når det gjeld t. d. innfestning av ballmål, vegghengde korger, ballnett etc. Alle tekniske innretningar skal vera innfelte i vegg/golv, og ikkje stikka ut i rommet. Golv skal vera av typen kombielastisk sportsgolv og prosjekterast med flateelastisk lufta underkonstruksjon og punktelastisk toppkonstruksjon. Golva må tåla køyring med lift. Himlingstype må veljast på bakgrunn av akustikkkrav. Veggoverflater skal prosjekterast med finérkledning.

Helsestasjon / helsesøster

Det stilles strenge krav til rom som skal brukas til medisinske formål . Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) stiller derfor krav til prosjektering og dokumentasjon

Kontoradresse: Rådhusg 8, 4360 Varhaug Side 11 av 16	Postadresse: Postboks 24, 4368 Varhaug	Telefon: 51 79 30 00	Telefax: 51 79 30 01	Org nr: 964 969 590
---	--	--------------------------------	--------------------------------	-------------------------------

ved bla elektriske installasjonar i medisinske områder.

Prosjektering og planlegging av evnt helsestasjon og rom til helsesøster skal gjerast ihht krav i fel (Forskrift om elektriske lavspenningsanlegg), NEK 400-7-710 og inneheldt klassifisering av dei medisinske områda. Planlegginga må utførast i tett samarbeid med kommunens medisinsk ansvarlege og byggherre.

Personalet

Utforming, dimensjonering og plassering av rom for personalet må vera i nært samarbeid med byggherre og brukarar.

Nye samarbeidsformer og tilrettelegging av arbeidsplassar for lærarane er viktige moment som må vurderast for kvar skule.

Kontor for rektor og lagleiarar kan med fordel plasserast i nærleiken av resepsjon/kontorsekretær.

Personaltoalett, personalgarderobar og arbeidsplass for lærarane må prosjekterast ism tabell i «Dimensjonering av skulebygg»

Personalgarderobane skal ha dusj.

Bygningsmessig drift og vedlikehald

Varemottak

Varemottak skal plasserast slik at dei ikkje kjem i konflikt med hovedinngang og skulens uteareal. Viktig at varemottak planleggast slik at det oppnåast funksjonelle løysingar med omsyn til adkomst, storleik og dei aktivitetar som lossing og lasting inneber.

Hovedlager

Det er viktig med tilstrekkeleg lagerkapasitet på en skule. Det kan med fordel prosjekterast og planleggast med eit hovedlager på skulen. Mindre lagerrom kan plasserast rundt omkring i skulebygget. Hovedlager kan med fordel plasserast i nærleik av reinhaldssentral og vaktmeisterrom, men må vera enkel tilgjengeleg frå varemottak og heis.

Reinhaldssentral

Reinhaldssentralrom må prosjekterast med tilhøyrande låsbart materiallager. Romma må ha god plassering og vera tilgjengeleg med bil. Romma må ha plass til utstyr for reingjering, herunder maskinar for vask, moppevaskmaskinar, tørketrommel, generelt reingjeringsutstyr etc. Rommet skal ha avløpsrist i golvet med storleik og plassering tilpassa reingjering av reinhaldsmaskinar.

Verkstad / Vaktmeister / Driftsrom

Det må prosjekterast med eige rom for vaktmeister/driftspersonell. I tillegg til desse romma må det avsetjast plass til større teknisk utstyr (lift etc). Det må òg planleggast lademoglegheit for dette utstyret.

Kontoradresse: Rådhusg 8, 4360 Varhaug Side 12 av 16	Postadresse: Postboks 24, 4368 Varhaug	Telefon: 51 79 30 00	Telefax: 51 79 30 01	Org nr: 964 969 590
---	--	--------------------------------	--------------------------------	-------------------------------

Tekniske rom

Tekniske rom skal prosjekterast slik at drift og vedlikehald vert tilrettelagde best mogleg. Demping av lyd og vibrasjon frå desse romma må viast spesiell merksemd.

Løysing må òg prosjekterast slik at det går an å skifta ut eksisterande utstyr.

Utandørs anlegg

Generelt.

Utvendige anlegg skal planleggast av landskapsarkitekt i samarbeid med byggherre og brukare. Det skal leggas vekt på løysingar som gjer enklast mogleg vedlikehald gjennom adle årstidene. Vindretning skal hensyntas i prosjektering og planlegging av alle utandørsareala.

Utomhusplan skal omfatte løysing for trafikksikker henting og bringing av born og det må leggas vekt på sikkerhet i forhold til parkering (korttid og langtid), servicetrafikk, snørydding etc.

Korttidsparkering i samband med henting og bringing av barn må ivaretas slik at rygging med bil unngås. Det bør fortrinnsvis utformas løysingar som tilrettelegg for einveiskjørt gjennomfart med moglegheit for lukeparkering langs fortau/gangvei.

I forhold til øvrig parkering vises det til kommuneplanen.

Avfall.

Plan for utandørsanlegg skal omfatte løysing for oppbevaring og henting av avfall. Valt løysing må vera i tråd med kommunale normer for avfall og skal utredas i tett samarbeid med byggherre og brukargruppe.

Terrengutforming.

Spesielle stedlige terrengformer skal utnyttast ved planlegging av uteområda. Stikkord her kan vera sklier, akemoglegheiter, amfier og utandørs romdannelsar. Det skal og leggas vekt på fornuftig bruk av vekstjord, gravemassar mv.

Terrengutforming må ikkje medføra vanskeleg vedlikehald av vegetasjon. Ved bruk av ny vegetasjon skal det leggas vekt på bruk av planter med lokalt opphav. Giftig / allergifremkallande vegetasjon skal unngåas.

Leike og opphaldsareal.

Uteområda skal gi rom for ulike aktiviteter både til leik, læring og aktiviteter. Det skal tilretteleggast for både sommar og vinteraktiviteter.

Det må prosjekteras og planleggast med god belysning på alle leike og opphaldsareal.

Alt av utstyr som leveres til utandørareal må vera av en kvalitet som er lite vedlikehaldskrevande.

Sykkelstativ leveras i det omfang som det til einkvar tid gjeldande planverk krev.

Lavbrekk skal utstyrtas med sluk/kum for å handtera overvann.

Kontoradresse: Rådhusg 8, 4360 Varhaug Side 13 av 16	Postadresse: Postboks 24, 4368 Varhaug	Telefon: 51 79 30 00	Telefax: 51 79 30 01	Org nr: 964 969 590
---	--	--------------------------------	--------------------------------	-------------------------------

Planlegging av leikeareal og val av apparat/utstyr skal være i samsvar med de til einkvar tid gjeldande forskrifter om sikkerhet ved leikeplassutstyr.

Terreng skal utføres med jamne overflater og avrunda overgangar, med unntak for murer og kantstein.

Det må prosjekteras og planleggast utvendige bodar til lagring av uteleiker og reiskapsbu for vaktmester.

Trafikkareal.

Desse skal som hovudregel ha faste dekker som asfalt, betongbelegg eller kombinasjon av desse, gjerne med differensierte dekker for køyre og gangareal. Det skal leggas særleg vekt på enkelt reinhald og vedlikehald. Belegg nær inngangar må tåle høgtrykksspyling. Estetisk utforming av trafikkareala skal vektleggast.

Uteanlegga skal ha god framkommelegheit og tilretteleggast for bevegelseshemmede. Snøsmelteanlegg skal som hovudregel prosjekteras framføre adle inngangar. Øvrige behov vurderas i samråd med byggherre.

Arealkrav

Vedlagde tabell er meint som eit hjelpemiddel ved utarbeiding av romprogram og areal ved bygging av nye skular. Nøyaktig utforming og tilpassing må gjerast av arkitekt/prosjektgruppe i samarbeid med byggherre og brukarar.

Dimensjonering av skuleanlegget

Dimensjonering Elevar	Klassetrinn 1 – 10	300 el	400 el	500 el	600 el
Tal på tilsette.		46	62	77	93
Tal på lærarar.	Tal på elevar / 8,1	37	50	61	75
Andre tilsette	10% av alle tilsette	5	7	8	10
Adm, rådgjevar, kont. Personal	8% av alle tilsette	4	5	6	8
Nettoareal – Elevar	Dimensjonering	300 el	400 el	500 el	600 el
Læringsareal	3,11m ² / elev	933	1244	1555	1866
Garderobar	0,7m ² / elev	210	280	350	420
Toalett	0,14m ² / elev	42	56	70	84
HCWC	0,10m ² / elev	30	40	50	60
Sum nettoareal - elevar		1215	1620	2025	2430
Nettoareal - Spesialrom	Dimensjonering	300 el	400 el	500 el	600 el
Kunst og handverk		160	160	160	160
Musikk – kulturskulen		100	100	100	100
Naturfag		100	100	100	100
Mat – Helse – Kantine		220	220	220	220
Bibliotek		120	120	120	120
Amfi – Vestibyle - Auditorium		200	210	220	230
Sum nettoareal - spesialrom		900	910	920	930
Nettoareal pr elev		3	2,27	1,84	1,55

Kontoradresse:
Rådhusg 8, 4360 Varhaug
Side 14 av 16

Postadresse:
Postboks 24, 4368 Varhaug

Telefon:
51 79 30 00

Telefax:
51 79 30 01

Org nr:
964 969 590

Nettoareal – Pers – Adm.	Dimensjonering	300 el	400 el	500 el	600 el
Toalett personale	0,19m2 /tilsette	9	12	15	18
HCWC personale	0,12m2/ tilsette	6	8	10	12
Garderobar personale	0,7m2 / tilsette	32	43	54	65
Arbeidsplass lærerar	5,40m2 / lærerar	200	270	330	405
Skjerma arbeidsrom lærerar	0,43m2 / lærerar	16	22	27	33
Resepsjon – sekretær		30	30	30	30
Kontor – rektor		20	20	20	20
Møterom	3x15–3x15–4x15–4x15	45	45	60	60
Stort møterom	1x25	25	25	25	25
Kopierom for tilsette	2x6–2x6–3x6–3x6	12	12	18	18
Kopi- og rekvisitarom	1x10–1x10–2x10–2x10	10	10	20	20
Nærlager	3x8–4x8–4x8–5x8	24	32	32	40
Personalrom	1,42m2 / tilsette	65	88	109	132
Kontor helsesøster		20	20	20	20
Kontor vaktmeister		10	10	10	10
Lager vaktmeister		20	20	20	20
Reinhold	3x3 – 3x3 – 4x3 – 4x3	9	9	12	12
Mopp og reinholdslager	1x10–1x10–2x10–2x10	10	10	20	20
Lager SFO og uteleiker	2x10–2x10–3x10–3x10	20	20	30	30
Sum nettoareal - Pers – Adminst		583	706	862	990
Anna Areal	Dimensjonering	300 el	400 el	500 el	600 el
Tekniske rom		350	400	450	500
Sum nettoareal TOTALT		3048	3636	4257	4850
Areal pr elev netto		10,16	9,09	8,51	8,08
Sum bruttoareal faktor 1,32		4023	4800	5619	6402
Areal pr elev brutto		13,41	12	11,24	10,67

